

Innretting på søknadsordninga

FORSKINGSFINANSIERING VESTLAND, 2026

1. Om utlysinga

Formål

Vestland fylkeskommune styrkjer arbeidet med næringsretta forskning i fylket gjennom etablering av ei ny ordning, Forskingsfinansiering Vestland.

Forskingsfinansiering Vestland skal støtte forprosjekt for bedrifter som ønskjer å gå vidare med forskingsbasert innovasjon.

Forprosjektet skal vere eit innleiande forskingsarbeid. Forprosjektet skal medverke til å utvikle eit større forskings- og utviklingsprosjekt (FoU-prosjekt), som støtter opp om innovasjon og berekraftig verdiskaping i næringsliv.

Nivå og omfang

Ordninga skal liggje på eit nivå over FORREGION, men under Forskingsrådet sine meir omfattande ordningar, og skal mellom anna finansiere forprosjekt med inntil 12 månaders varigheit.

Målet er å kunne finansiere mellom 15 og 20 prosjekt i året, og ordninga skal nå bedrifter i heile Vestland. Det er sett av 8 millionar kroner til ordninga i 2026.

Publisering og behandlingsplan

Utlysinga er publisert på Vestland fylkeskommune si heimeside:

<https://www.vestlandfylke.no/forskning/forskningsfinansiering-vestland/utlysing-av-forprosjekt---forskingsfinansiering-vestland/>

Utlysinga er løpande og publisert 2. mars. 2026. Det er sett ein frist for mottak av søknader 15. mai 2026 for behandling og svar på søknaden innan 30 juni 2026. Det vert sett ein tilsvarande behandlingsfrist hausten 2026.

2. Kven kan søke?

Kommersielle føretak med verksemdsadresse i Vestland fylke. Føretaket må vere eit aksjeselskap med tilsette i prosjektperioden. Søknaden skal vere forankra i søkjarorganisasjonen/verksemda si leiing og eigne strategiar. Dette må kome tydeleg fram i søknaden.

Søkjar må sikre finansiering av prosjektet ut over støtte frå Forskingsfinansiering Vestland og vil være prosjektansvarleg ved kontraktsinngåing med Vestland fylkeskommune.

I tillegg kan fleire aktørar i og utanfor Vestland delta i prosjektet som samarbeidspartnar, FoU-leverandør m.v.

3. Kven kan delta i prosjektet?

Krav til prosjektansvarleg søkjar

Ei bedrift må stå som prosjektansvarleg i søknadsskjemmet. Administrativt ansvarleg i søknadsskjemmet er den personen som har fullmakt til å representere og forplikte bedrifta.

Dersom prosjektet er eit samarbeid mellom fleire bedrifter, skal prosjektansvarleg bedrift sende inn søknaden på vegne av alle samarbeidspartnarane.

Det vert oppmoda til mangfald og god kjønnsbalanse i prosjektorganiseringa.

Krav til prosjektleiar

Prosjektleiar er fagleg ansvarleg og må ha solid kompetanse på temaområdet i søknaden og/eller prosjektleiarkompetanse.

Krav til innkjøp frå ein FoU-leverandørar

Bedrifta må samarbeide med ein eller fleire godkjende forskingsorganisasjonar om prosjektet. Desse skal registrerast som FoU-leverandør i prosjektskildringa og bør bidra i arbeidet med utforming av søknaden. Minst 70 % av støtta frå Forskingsfinansiering Vestland skal gå til innkjøp av FoU-tenester frå desse leverandørane.

Berre organisasjonar på Forskingsrådet si liste over [godkjende forskingsorganisasjonar](#) kan vere norske FoU-leverandørar.

Utanlandske offentlege universitet og institutt kan også være FoU-leverandørar. I prosjektsøknaden må deira faglege kompetanse på relevante fagområde i prosjektet vere godt skildra og dokumentert.

Samarbeid med andre bedrifter

Dersom prosjektansvarleg (søkjar) kjøper varer eller tenester for ei anna bedrift og betaler på vanleg måte er dette ikkje eit samarbeid, men innkjøp.

Bedrifter som samarbeider om prosjektet har eit felles ansvar for prosess og resultat.

Eit samarbeid er kjenneteikna av at partane utvekslar kunnskap eller teknologi for å nå eit felles mål på grunnlag av arbeidsdeling i prosjektet.

Prosjektansvarleg og samarbeidspartnarane definerer i fellesskap omfanget av prosjektet, bidrar til gjennomføring av prosjektet og deler risiko og resultat. Prosjektansvarleg og samarbeidspartnarane skal avtale fordeling av rettigheter og pliktar knytt til prosjektgjennomføring og prosjektresultat i ein **samarbeidsavtale**. Dette gjeld dersom prosjektet får støtte. Det er ikkje krav til å legge slik avtale ved søknaden.

Bedrifter som samarbeider om prosjektet må verte registrert i prosjektskildringa og det må gå fram kva oppgåver dei skal løyse.

4. Tematiske prioriteringar for utlysinga

Forskingsfinansiering Vestland lyser ut inntil 8 nye millionar kroner til forprosjekt i 2026 med slik tematiske prioriteringar

- Forsking som kan bidra til sirkulær og berekraftig næringsutvikling forankra i vestnorske naturressursar, fortrinn og kompetansemiljø.
- Forsking på utvikling av utsleppsfri teknologi og digitalisering innan fagområde der Vestland fylke har særlege fortrinn, med særleg vekt på ny kunnskap om teknologisk, biologisk og økonomisk grunnlag for berekraftig vekst innan dei marine næringane.
- Forsking som gir meir kunnskap om føresetnader for vellukka sirkulærøkonomiske løysingar, til dømes basert på industriell symbiose.
- Forsking på føresetnader for eit grønt reiseliv med destinasjonsutvikling basert på lokal mat- og drikkeproduksjon samt kultur- og naturressursar.
- Utfordringar knytt til å utvikle helseindustri som eit viktig næringsområde med stort eksportpotensial for bedrifter i Vestland fylke må òg adresserast gjennom forskning.

5. Føresetnader for støtte

Støttegrad og krav til innkjøp av FoU

Forskningsfinansiering Vestland kan dekke inntil 70 prosent av kostnadene i eit forprosjekt.

Bedrifta må samarbeide med ein godkjend forskingsorganisasjon og minimum 70 prosent av støtta frå Forskningsfinansiering Vestland skal gå til innkjøp av FoU-tenester.

Søknaden må vise korleis prosjektet kan bidra til ny kunnskap

Søknaden må få fram korleis prosjektet kan bidra med ny kunnskap som er viktig både for bedrifta og for samfunnet elles. Det må kome klart fram i søknaden kva kunnskapsutfordringar som skal løysast ved forskning for å nå innovasjonen bedrifta ønsker seg.

Du kan skrive søknaden på norsk eller engelsk.

Aktivitet som kan få økonomisk støtte

Ein kan søke om støtte til å dekke faktiske kostnader som er nødvendige for å gjennomføre prosjektet. Alle aktivitetar må vere definert som [industriell forskning og/eller eksperimentell utvikling](#).

- Industriell forskning: Handlar om å etablere ny kunnskap eller ferdigheiter for å utvikle nye eller forbetra produkt, prosessar eller tenester.

- Eksperimentell utvikling: Handlar om å nytte eksisterande kunnskap på nye måtar eller på nye område for å utvikle nye eller forbetra produkt, prosessar eller tenester.

Kostnadskategoriar

Følgande kostnader kan inngå i prosjektet:

- Personalkostnader og indirekte kostnader hos bedrifta/samarbeidande bedrifter
- Innkjøp av FoU-tenester frå godkjend forskingsorganisasjon oppgitt i søknadsskjemaet
- Andre driftskostnader knytte til prosjektet

Denne støtteordninga dekker vanlegvis ikkje kostnader knytt til utstyr, bortsett frå mindre prosjektkostnader som er nødvendige for å gjennomføre prosjektet. Desse kostnadene skal i tilfelle først under andre driftskostnader.

Støttebeløp

Søkarane kan få dekt mellom 200. 000 og 500 000 kroner. Ein kan få dekt inntil 70 prosent av godkjende prosjektkostnader.

Prosjektansvarleg og samarbeidspartner(ar) skal finansiere minst 30 % av totale prosjektkostnader i form av eigeninnsats eller kontantbidrag.

Det har også innverknad på støttegraden om bedriftene bak søknaden er store, mellomstore eller små. For innvilga søknader bli endeleg støttebeløp fastsett i tilsegnsbrev.

Eigenfinansiering for prosjektansvarleg og samarbeidande bedrifter

- Eigenfinansiering kan vere både kontantar og utbetalt timeløn.
- Timar må reknast som "personalkostnader og indirekte kostnader", basert på faktiske og rekneskapsførte utgifter.
- Timesatsen for eigne tilsette er avgrensa til 1 promille av avtalt og reell årslønn ved utgangen av prosjektperioden eller inntektsåret. Timesatsen kan ikkje overstige 1500 kroner per time.
- Andre relevante driftskostnader som bedriftene betaler sjølve, kan også inkluderast som eigeninnsats.
- Prosjektansvarlege og partnerar som har eigeninnsats i form av utbetalt timeløn må vere ajour med innbetaling av arbeidsgivaravgift og skattetrekk.

Timeprisar hos FoU leverandørar

FoU leverandøren sine kostnader skal først som eit innkjøp. Her er det opp til partane å avklare timeprisen FoU leverandøren skal kunne nytte.

Handtering av meirverdiavgift (mva):

- I budsjett og prosjektrekneskap skal kostnader først utan mva.
- Bedrifter deltar i prosjektet betaler mva. for kjøp som vanleg, og fører mva i eit eige mva.-register for refusjon frå staten etter gjeldande reglar.
- Føretak som ikkje er registrerte i Meirverdiavgiftsregisteret vil kunne føre mva. som kostnad i prosjektet.

6. Andre vilkår for støtte til prosjektet

Støtte kan ikkje nyttast til

- Skrivning av søknader til nasjonale og regionale programmer
- Kjøp av utstyr
- Marknadsundersøkingar og marknadsføring

- Etablering av nettverk, klynger eller konsortium
- Kartlegging av forskningslitteratur

Reglar for offentlig støtte

- Vi tildeler all støtte til bedrifter som deltar i prosjektet etter [gjeldande EØS-reglar for statsstøtte](#). Vestland fylkeskommune vil melde inn ordninga etter reglar i det alminnelege gruppeunntaket (GBER, paragraf 25) som er førehandsgodkjent av ESA.
- I søknadsskjemaet må du informere om det er søkt støtte til same prosjekt frå andre offentlege støtteordningar.

Mislegald eller manglar i prosjektperioden

Dersom prosjekt som har fått støtte ikkje blir gjennomført eller har manglar ved rapportering, kan Vestland fylkeskommune krevje tilbakebetaling av midlar.

Forskningsfinansiering Vestland kan ikkje gi støtte til føretak i vanskar

«Begrepet foretak i vanskeligheter (FIV) er definert i EU si Gruppeunntaksforordning <https://www.forskningsradet.no/skattefunn/statstottereglene/vansker/>

Følgjande reglar gjeld:

«Ei bedrift kan være FIV når dei søker, men ikkje når vi inngår kontrakt med dei. Vi har ikkje lov til å utbetale midlar til slike føretak. Utgangspunktet er om eit selskap er i vanskar ut frå siste årsrekneskap.

Dersom dette ikkje lenger gjeld: Vi må ha dokumentasjon som viser at situasjonen har endra seg etter siste årsrekneskap, slik at selskapet ikkje lenger er et føretak i vanskar. Dette kan dokumenterast i form av eit interimrekneskap som er revisorbekrefta. Interimrekneskapet kan ikkje vere eldre enn tre månader. For selskaper som ikkje er revisorpliktige er det tilstrekkeleg at ein godkjent rekneskapsfører stadfestar rekneskapet. Vi kan ikkje godkjenne søknad før dette er på plass.

Dersom prosjektansvarleg ikkje kan vise at dei ikkje er eit FIV, kan vi ikkje tildele midlar til prosjektet, og vi må gjere om på vedtaket.

For bedrifter yngre enn tre år er det ingen egenkapitalkrav. Då skal vi berre sjå til at verkesemda/føretaket ikkje er konkurs.»

7. Formelle krav knytt til innhald i søknaden og vedlegg

For at søknaden skal bli vurdert må den oppfylle følgjande formalkrav:

- Søknaden må vere sendt inn via Regionalforvaltning.no
- Heile søknadsskjemaet må vere fylt ut
- Obligatoriske vedlegg er lagt ved
- Søklar må vere i definert målgruppe
- Søknaden må vere innan mål for ordninga og kva det kan bli gitt støtte til
- Prosjektet må ha ein fullstendig finansieringsplan ved søknadstidspunktet,

Søknader som ikkje fyller krava vil kunne bli avvist på formelt grunnlag.

Obligatoriske vedlegg

- Prosjektskildding på maks 5 sider. Bruk standard mal ein kan laste ned som Obligatorisk vedlegg 1 på sida for utlysinga. Vi vurderer berre prosjektskilddingar som er skrivne i denne malen.
- CV for prosjektleiar – her lagar de eigen mal – maks 3 sider per person.
- Skjema for partneropplysningar. Alle bedrifter som er partnarar i prosjektet – også bedrifta som er ansvarleg søker – skal fylle ut dette skjemaet. Bruk standard mal som ein kan laste ned som Obligatorisk vedlegg 2 på sida for utlysinga. FoU-leverandørar treng ikkje fylle ut partnarskjema.
- Eigenerklæring for private bedrifter. Bruk standard mal som Obligatorisk vedlegg 3 i utlysinga.

Alle vedlegga skal være i PDF-format. Vær nøye med å laste opp riktig vedlegg, ettersom det ikkje er lagt inn tekniske avgrensingar på kva slags dokument det er mogleg å laste opp.

Søknader som ikkje oppfyller krava over, kan bli avvist utan fagleg vurdering.

OBS! Andre vedlegg enn dei som er spesifisert ovanfor vil ikkje bli vurdert.

8. Vurdering av søknader

Administrasjonen i Vestland fylkeskommune vurderer om søknaden fyller formelle krav og er innanfor formål, tema og rammer for utlysinga. Søknader med formelle feil kan bli avvist utan vidare fagvurdering. Søknader utan formelle feil blir vurdert av eit regionalt fagpanel.

Administrasjonen vurderer også Regional relevans. I tillegg vil det bli lagt vekt på Etik, Miljøkonsekvensar, Kjønnbalanse i prosjektet og Kjønnsperspektiv i forskinga, der det er relevant.

Faglege vurderingskriterium

Eit fagpanel vurderer:

Forskning og innovasjon

- I kva grad representerer innovasjonen noko nytt?
- I kva grad er det gjort sannsynleg at innovasjonen vil realisere ei moglegheit, løyse ei utfordring og/eller møte eit erkjent behov?
- I kva grad har prosjektet potensial for å bringe fram ny kunnskap?
- I kva grad er FoU-aktivitetane nødvendige for å lukkast med innovasjonen?
- I kva grad bygger prosjektet på relevant og oppdatert kunnskap?
- I kva grad nyttar prosjektet relevante og anerkjente FoU-metodar?

Verknader og effektar

- I kva grad er det gjort sannsynleg at prosjektet vil ha potensial for berekraftig verdiskaping (sysselsetting, miljø, konkurranseevne, kommunal tenesteyting med vidare)?
- I kva grad er det gjort sannsynleg økonomiske gevinstar for søkerar og eventuelle partnarar?

- Er det gjort sannsynleg at prosjektet vil bidra til å løyse samfunnsmessige utfordringar i Vestland?
- I kva grad har prosjektet tydeleg og truverdig berekraftprofil?
- I kva grad er det gjort sannsynleg at prosjektet vil bidra til kunnskapsoppbygging i Vestland?
- I kva grad er det gjort sannsynleg at prosjektet vil bli vidareført i eit hovudprosjekt (finansieringskjelde, forankring og potensielle partnarar)?

Gjennomføring

- I kva grad er det samanheng mellom mål, delmål og aktivitetar?
- I kva grad er arbeidsplanen og ressursane i tråd med mål, tidsplan og leveransar i arbeidspakkane?
- Er tidsplan og ressursbruk realistisk i forhold til planlagde aktivitetar?
- I kva grad har prosjektleiar relevant kompetanse og erfaring for å leie eit FoU-prosjekt retta mot innovasjon og verdiskaping?
- I kva grad har prosjektgruppa den nødvendige kompetansen og ekspertisen for å gjennomføre prosjektet på ein effektiv måte?
- I kva grad er leiing og styring i prosjektet organisert på ei eigna måte?
- Det blir gitt karakterar til kvart kriterium og ein samla karakter.

9. Vilkår for tilsegn og rapportering med utbetaling

Vilkår for tilsegna

Vilkår for gjennomføring av prosjektet vil gå fram av tildelingsbrev. Tilskotet må bli brukt i samsvar med godkjente aktivitetar i det tidsrom som går fram av tilsegnsbrevet.

Tilsegna vil kunne felle bort, og midlane inndregne dersom søkjar ikkje innan tre veker etter å ha mottatt tilsegn om tilskot signerer tilsegnsbrevet (esignering)

Vilkår for godkjent rapport og utbetaling

Tilsegnsbrevet har krav til rapportering på framdrift, resultat og rekneskap. Det skal sendast inn rekneskap innan tre månader etter at prosjektet er gjennomført. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til fylkeskommunen for vurdering og godkjenning.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setje i verk kontroll på at midlar vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for kontroll.

Andre vilkår:

- Prosjektet skal verte finansiert slik godkjend finansieringsplan viser.
- Tilskotsmottakar skal føre eit eiga prosjektrekneskap over prosjektkostnader og prosjektfinansiering. Prosjektfinansieringa og prosjektkostnadene skal gå fram av søkjar sitt offisielle rekneskap.
- Eigeninnsats i form av tidsbruk i bedrifter og offentleg sektor skal vere lønsmidlar og kan ikkje overstige satsar i som er nedfelt i Vestland fylkeskommune sine reglar. Alle eigenutførte timar skal vere rekneskapsført og utbetalt løn til personar med oppgåver i prosjektet. Eigne reglar om timesatsar gjeld for forskingsorganisasjonar.
- Prosjektet er gjennomført i samsvar med innsendt søknad og seinare endringar som før iverksetting er godkjend av Vestland fylkeskommune. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli avkorta eller kansellert.